



FORUM FOR
NATUR OG FRILUFTSLIV
MØRE OG ROMSDAL

Kommunane Møre og Romsdal

Dato: 22. des. 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

AVGIFT VED TURPARKERING – EI HINDRING FOR FRILUFTSLIVET

FNF-familien vil benytte julen til å takke alle som holder parkeringsplasser for friluftsliv brøytet og tilgjengelige hele året. Dette er spesielt viktig i en årstid vi er mindre aktive og trenger alle gode grunner til å komme oss ut på tur.

FNF Møre og Romsdal bryr seg også om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov. Vi har i dei seinaste åra observert at det blir meir og meir avgiftsparkering ved startpunkter for turstier og skiløyper i fylket vårt. Det er blitt satt opp fleire «heimelaga» plakatar som krev betaling for parkering, noko som er forsterka med moglegheita for å gjere dette enkelt til dømes ved VIPPS. Vår bekymring er at dette vil føre til at enkelte vil vegre seg for å parkere der og ikkje kome seg ut på tur. Mange av stadene blir det krevd kr 50,- for parkering, noko som ikkje er eit stort beløp, men i desse tider med prisstigning på det aller meste av nødvendigheter, kan det vere at dette gjer at enkelte velgjer vekk turen.

Alle gode krefter i kommunane, fylkeskommunen, friluftsråda og dei frivillige organisasjonar jobber alle saman for å fremje folkehelse for alle ved å få folk på tur. Dette skjer ofte ved å opparbeide og tilretteleggje med enkle stiar og informasjon om desse. Då er det eit paradoks at ein samstundes sett ein avgift på utmarksparkering som avskrekker folket og då spesielt dei svakare stilte økonomisk, til å komme seg ut på desse tilrettelagte stiane i den flotte naturen vi har.

Vi meiner å sjå at å avvike gratisprinsippet i friluftslivet fører til ekskludering frå aktivitet grunna økonomi. Dette har blant anna Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sagt noko om; «I et land som Norge, der den generelle levestandarden er høy, er det vanlig å bruke definisjoner av fattigdom som handler om mer enn fysisk overlevelse. Det betyr at fattigdom ikke bare handler om mangel på mat, klær og tak over hodet. Fattigdom betyr også det å

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Mob: 46 43 14 27 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



mangle muligheter for å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. Barn trenger relasjoner med jevnaldrende for å ha et godt liv. Ungdommen selv sier at det verste med å være fattig er at du ikke kan delta på det andre kan. Barnefattigdommen i Norge har vært økende siden begynnelsen av 2000-tallet. Fra 2013 økte antallet fra 84 000 til 115 000 i 2019. Fattigdommen blant barn er nå høyere og vokser raskere enn fattigdom blant voksne.»

Barn skal ikkje haldast utanfor. Det skjer om friluftslivet blir så dyrt at familier ikkje har råd til at ungane kan ta del i ein aktivitet. Friluftslivet blir som samfunnet elles dyrare og meir spesialisert. Berre utstyret til å drive friluftsliv er meir enn nok for enkelte familiebudsjett, ei parkeringsavgift vil kome på toppen av alle andre utgifter som er knytt til å kome seg på tur i norsk natur.

I fylket vårt har vi stader der kommunar og frivillige organisasjonar greie å samhandle slik at turparkeringa blir gratis samstundes som tilrettelegginga er god. Som døme på dette kan vi nemne turparkeringa i Jensgurulia og ved Isfjorden skytebane, der respektive Molde kommune og Rauma kommune gjer eit fortrefteleg arbeide i tett samarbeide med dei frivillige organisasjonane.

Vi ber med dette om at alle respekterer gratisprinsippet i friluftsløva og såleis hjelper til at alle får nyte norsk natur. Samstundes vil vi gjere oppmerksom på at det er ein viss moglegheit for dei som har utgifter, til å krevje avgift på parkering. Dette må det då søkast kommunen om som vil handsame søknaden etter Friluftsløvens § 14, kor det står:

«Avgift for adgang til friluftsområde

Ferdselsrett etter denne lov er ikke til hinder for at eier eller bruker etter løyve av kommunen kan kreve en rimelig avgift for adgangen til badestrand, teltplass eller annet opparbeidet friluftsområde, men avgiften må ikke stå i misforhold til de tiltak eier eller bruker har gjort på området til fordel for friluftsfolket. Det kan settes vilkår for slikt løyve.»

Miljødirektoratet har i eit eget skriv av 11.12.2020 beskrevet korleis dei tolkar kor ei utmarksparkering skal handterast etter friluftsløven § 14 (sjå vedlegg).

Elles når det gjeld parkering mot betaling, er dette sia 01.01.2017 regulert i eiga forskrift *«Forskrift om vilkårsarkering for allmenheten og håndheving av private parkeringsreguleringer (parkeringsforskriften).»* Dette medfører i praksis også at det krevs også ein saksbehandling i Statens Vegvesen før ein innfører noko turparkeringsavgift.

FNF Møre og Romsdal har til hensikt å følge opp avgiftene ved turparkeringane i fylket. Dette då vi ønskjer at parkeringa ideelt sett skal vere gratis, subsidiært må det vere ei lavast mogeg lovleg avgift som er heimla i friluftsløva og parkeringsforskrifta. Dette betyr at om kommunane har gitt, eller gir slikt løyve, ber vi om å få kopi av desse løyva.



FORUM FOR
NATUR OG FRILUFTSLIV
MØRE OG ROMSDAL

FNF Møre og Romsdal vil avslutningsvis nytte høvet til å takke alle som kjører opp fine skispor og drifter våre mange turveier, samt grunneiere for positivitet til friluftsliv som aktivitet, for dette fine arbeidet for alle.

Helsing

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Vedlegg: Skriv frå Miljødirektoratet av 11.12.2020; Svar på anmodning om tolkningsuttalelse – utmarksparkering etter frilufsloven § 14

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal